

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
031/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	12.06.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	14/1577	14/6124

### Interpellasjon - anonym retting av heildagsprøvar - David Pletten Aasgard (KrF)

#### Interpellanten sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune innfører ei prøveordning i dialog med lærarorganisasjonane der anonym retting av heildagsprøvar blir gjennomført hjå tiandeklassetrinnet.

#### Saksopplysingar:

Interpellasjon fremja av David Pletten Aasgard, Radøy KrF:

#### Anonym retting av heildagsprøvar

Standpunktkarakter og eksamenskarakter ender ved fleire tilfelle på forskjellig tallkarakter. Det kan vere mange forskjellige grunnar til dette, men på Radøy ungdomsskule er forskjellane urovekkande store. Forskjellen mellom standpunktkarakter og eksamenskarakter i faget matematikk er større enn kva ei vanskeleg oppgåve eller ein dårleg dag på skulebenken ville ført til.

I tilstandsrapporten for Radøyskulane 2014 står det:

*«Vi ser at i matematikk er det stor skilnad mellom standpunktkarakter og eksamen. Slike avvik ser ein også hjå dei vi samanliknar oss med, men skilnaden er merkbart større i Radøy.»*

Dette må gjerast noko med. Ved å innføre ei prøveordning kor heildagsprøvar vil bli retta utan at læraren veit kven si oppgåve det er før etter karakter er på plass, aukar moglegheita for ei objektiv vurdering. Dette kan brukast for å styrke lærarane sin posisjon, som kan gje karakter utan å måtte forsvare resultatet i etterkant. Det vil og gje elevane ein trygghet i at oppgåva er retta på ein objektiv måte.

Ved å innføre anonym retting av heildagsprøvar for tiandeklasse-trinnet så er målet at standpunktkarakter og eksamenskarakter skal vere likast mogleg, og gje elevane ein god dytt i riktig retning vidare studiar. Med dagens teknologi, ved bruk av lærestader som it's Learning og liknande, så vil det ikkje bli vanskeleg, eller kostnadskrevjande, å få gjennomført ein slik prøveordning.

#### Kommunestyret i Radøy - 031/2014

#### KS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland kom med følgjande svar og framlegg til vedtak:

**Ordførar rår frå å støtta framlegget til vedtak i interpellasjonen. Det er henta inn uttalar frå rektor ved Radøy ungdomsskule, Utdanningsforbundet og kommunalsjef oppvekst. Tilsvaret byggjer**

**delvis på desse.**

### **Grunngjeving:**

Elevorganisasjonen har i lang tid gått inn for obligatorisk anonym retting av prøver fordi dei meiner for mange elevar får karakterar basert på «trynefaktor». Dei som går inn for anonym retting meiner at dette hindrar at læraren gjev karakter etter om han eller ho likar eleven eller ikkje.

Anonym retting har blitt innført som ei prøveordning på vidaregåande skule i mellom anna Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal. I grunnskulen har mellom anna Moss, Ålesund og Gran kommune innført dette som prøveordning. Fleire av desse stadane er ordninga gjort frivillig for skulane. Lærarane desse stadane har uttalt at dei ser på kravet om anonym retting som ei mistillit til deira profesjonelle haldning til arbeidet, og i tillegg har dei sett seg mistenkeleggjort, noko som har ført til frykt for lærarflukt. Ordninga har skapt uro i skulen, lærarane har kjent seg overkøyrde av politikarane og oppfattar dette som ei utidig innblanding av yrkesutøvinga.

Det vert og fleire stadar stilt spørsmål med om ordninga er i tråd med opplæringslova generelt, og vurderingsforskrifta spesielt. Norsk skule er politisk styrd, og me har eit lovverk som skal sikra ein nasjonal standard. I forskrift til opplæringslova, kapittel 3, kan ein lesa at elevane har krav på undervegsvurdering:

«Undervegsvurderinga skal gis løpande og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg. Undervegsvurderinga skal innehalde grunngitt informasjon om kompetansen til eleven, lærlingen og lærekandidaten og skal givast som meldingar med sikte på fagleg utvikling.»

Slik tett oppfølging krev at læraren kjenner den einskilde elev godt. I forslaget til Aasgard er det eit viktig poeng at læraren ikkje skal kjenna eleven godt, då dette «aukar moglegheita for objektiv vurdering». Dermed stiller forslaget eit alvorleg spørsmål ved objektiviteten til læraren. Dette kan oppfattast som eit tydeleg signal på at eleven ikkje kan stole på at faglærer følgjer ein personnøytral vurderingspraksis. Vurdering skal fremja læring undervegs gjennom god tilbakemelding og framovermelding/ rettleiing. Dette er avhengig av god kommunikasjon mellom elev og lærar. Bruk av anonyme prøvar kan føre til at faglærer misser oversyn over den faglege utviklinga til eleven, noko som i neste omgang går ut over læringa.

I Møre og Romsdal går dei no bort frå anonym retting i vidaregåande skule. Dette vart avgjort etter at ei evaluering viste at det ikkje hadde effekt på karakterane. Det var ingen signifikant forskjell mellom anonym retting og ordinær retting. I tillegg brukte ein meir tid på å administrere ordninga. Det viste seg altså at det ikkje var nokon skilnad på karakteren på oppgåver som var retta anonymt og karakteren der namnet på eleven stod på. Evalueringa som er gjort tyder på at det ikkje går føre seg nokon form for uprofesjonell vurdering av elevane, tvert om er dette eit arbeid det vert jobba svært seriøst med ute på skulane og i fagnettverka. Vidare seier rapporten at evalueringa tyder på at det er all grunn til å ha tillit til at vurdering vert gjort på ein seriøs og profesjonell måte på skulane, og at nytteverdien av prøveordninga med anonym retting av prøver ikkje står i forhold til tid eller og ressursbruk. Evalueringa tyder på at vurderinga som går føre seg i skulen i dag vert gjort i tilstrekkeleg omfang.

Med dagens mangel på kvalifiserte lærarar er det viktig å snakka opp læreryrket og ikkje ned. Er det noko som trengst no, er det å vise lærarane at politikarane har tillit til at dei kan faget sitt. Skulane gjer eit godt og grundig arbeid med å gje elevane ei så god undervegs- og sluttvurdering dei kan. Det er viktig at politikarane gjev eit signal om at ein har tillit til skulen og føl det utviklingsarbeidet ein har starta der. Slik sett er det ikkje noko behov for at politikarane treng påleggja lærarane å nytta denne metoden. Anonym retting kan oppfattast som ei mistenkeliggjering av lærarane og manglande tillit til deira bedømming av elevane. Ein kan og stilla spørsmål ved om det er ei politisk oppgåve å drive detaljstyring av korleis arbeidstakarar i kommunen skal utøva yrket sitt innfor sin profesjon.

Kulepunktet frå tilstandsrapporten om stor skilnad mellom standpunkt og eksamenskarakter i matematikk lar seg ikkje forklara eller løysa med anonym retting. Løysinga på denne utfordringa finn

ein mellom anna i utviklingsplanen for grunnskulen i Radøy, der vurdering for læring er eit prioritert område den kommande 4- års perioden. Her vil ein jobba med, og ha fokus på, kompetanseheving og utvikling av vurdering for læring. Eit betre alternativ til forsøk med anonym retting er dermed å fortsetje satsinga på etter- og vidareutdanning i tråd med utviklingsplanen for grunnskulen i Radøy, og samtidig halda fast på den kursen politikarane har vore med på å staka ut tidlegare.

**Interpellanten David Pletten Aasgard (KrF) kom med følgjande oppfølgingsinnlegg:**

Elevene får allerede nå anonyme retta prøver, som gir eksamenskarakter. Læreren gir egenvurdering av eleven som gir standpunktkarakter. Læreren får her et nyttig verktøy med å ha en egen anonym rettet prøve, som kan sammenlignes med de vanlige rettet prøvene gjennom hele året.

Ordføreren må ha misforstått hele forslaget fra KrF, for vi har aldri stillet mistillit til lærerne. Ordførerens svar kan tyde på at ordføreren ser for seg alle prøver i året rettet anonymt. Dette er så langt fra interpellasjonen det går an å komme. Det KrF foreslår er at heldagsprøvene i tiende klasse, blir rettet anonymt. Det vil si at læreren får bli kjent med eleven gjennom hele åttende, niende klasse og heele tiende klasse, minus heldagsprøvene to ganger i året.

Ungdomsrådet i Radøy ønsker dette. Elevorganisasjonen ønsker dette. En må høre på ungdommen idet ungdommen synes er viktig. Samtidig skal en snakke vel om lærerne, som gjør en flott jobb i skolen. Her kan vi gi læreren et redskap der de har to anonyme rettinger i året for å vise at deres faglige vurdering gjennom alle skoleår og prøver, kan utmerket sammenlignes med karakter som gis på to anonyme rettinger i året i heldagsprøvefagene.

Da vil en ikke få overskrifter på Elevorganisasjonene sine publikasjoner, som kritiserer lærerne for å gi trynefaktor-karakterer.

Kommunestyret avviste interpellanten sitt framlegg med 16 mot 9 røyster (1 KrF, 5 H og 3 FrP).

**KS - vedtak:**

Radøy kommune seier nei til anonym retting av heildagsprøvar.